



Ordførarar i kommunane i Sogn og Fjordane og
Hordaland

Vår sakshandsamar
Lars Peter Taule/Merete Støfring
55918880/57837080

Vår dato
12.02.2019
Dykkar dato

Vår referanse
18/00775-13
Dykkar referanse

Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane - oppdaterte utrekningar

Landbruk er ei av få næringar som har utøvarar i alle kommunane i våre to fylke. Mange aktørar ønskjer meir viten om kva landbruket har å seie for kommunen. Det er bruk for oppdatert kunnskap om samanhengane i verdikjeda og kva både primærproduksjon og foredling av landbruksvarer betyr. På oppdrag frå Landbruksråd Vestland (samarbeidsorgan for ulike organisasjonar i landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane) har NIBIO oppdatert tal for verdiskaping i dei to fylka. Det er samstundes utarbeidd tal for alle kommunane i fylka.

I rapporten kjem det fram at den totale verdiskapinga for jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane, bruttoproduktet, er berekna til 1,8 mrd. kroner for 2016. 844 mill. kr frå Hordaland, og 956 mill. kroner frå Sogn og Fjordane

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane. Landbruket bidreg i tillegg med andre verdiar for samfunnet gjennom å forvalte store arealressursar. I tillegg til å produsere mat sørger landbruket for kulturlandskapspleie, levande bygder og bumiljø. I dette prosjektet er verdiskaping og sysselsetting i jordbruk, skogbruk, landbruksbaserte tilleggsnæringar og landbruksbasert industri berekna. NIBIO har i samarbeid med Østlandsforskning gjennomført prosjektet. Heile rapporten kan de lese på NIBIO sine sider:

<https://www.nibio.no/publikasjoner/nibio-rapport?page=2>

Vi håpar kommunane vil ta godt i mot rapporten og bruke den i sitt administrative og politiske arbeid. Gjerne gjennom felles møte der representantar for næringa og kommunane drøfter utvikling og framtidige moglegheiter for landbruksnæringa i dei ulike kommunane

Med venleg helsing
Elektronisk godkjent, utan underskrift

Cecilie Bjørlo
Leiar i Landbruksråd Vestland

Lars Bø
Nestleiar i Landbruksråd Vestland